



Innkalling  
av  
Eldrerådet

**Møtedato:** 15.03.2016  
**Møtestad:** Rådhuset, møterom 1.etg vest  
**Møtetid:** 10:00 - 13:00

Eventuelle forfall må meldast til Margrethe Høyland per tlf. 56 37 51 61, sms til eller per epost til Margrethe.Hoyland@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Leni Dale er innvitert til møtet.

**Sakliste**

| Saknr  | Tittel                                                                                               |
|--------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 006/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                |
| 007/16 | Godkjenning av møteprotokoll                                                                         |
| 008/16 | 1. gangs handsaming av reguleringsplan Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38, m.fl.                  |
| 009/16 | 1. gangs handsaming av reguleringsplan Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl.                                |
| 010/16 | 3.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet, planID 1263_201112 |

2. mars 2016

Terje Fjellanger  
møteleiar

Margrethe Høyland  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval      | Type | Dato       |
|--------|------------|------|------------|
| 006/16 | Eldrerådet | PS   | 15.03.2016 |

| Saksbehandlar     |  | ArkivsakID |
|-------------------|--|------------|
| Margrethe Høyland |  | 16/748     |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

## Saksopplysningar:

## SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval      | Type | Dato       |
|--------|------------|------|------------|
| 007/16 | Eldrerådet | PS   | 15.03.2016 |

| Saksbehandlar     |  | ArkivsakID |
|-------------------|--|------------|
| Margrethe Høyland |  | 16/748     |

### Godkjenning av møteprotokoll

32T

Protokoll - Eldrerådet - 16.02.2016

Møteprotokollen vert godkjent

### Saksopplysningar:

## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 16.02.2016  
**Møtestad:** Rådhuset, møterom 1.etg vest  
**Møtetid:** 10:00 - 12:00

Valg av eldrerådet sin representant til Frivilligsentralen.  
Brev fra pensjonistlaga vedr. fest på Eldredagen.

| Frammøtte medlemmer   | Parti | Rolle       |
|-----------------------|-------|-------------|
| Anna K.Valle          | SP    | Medlem      |
| Vendla Urdal          |       | Medlem      |
| Alf Sætran            |       | Medlem      |
| Magnhild Marie Haugen |       | Nestleiar   |
| Terje Fjellanger      |       | Utvalsleiar |

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Margrethe Høyland, Per Ole Ekker, Frivilligsentralen.

Vendla Urdal vart vald fra eldrerådet som representant i  
Frivilligsentralen.

Eldrerådet vedtok at pensjonistlaga skal laga til fest på eldredagen  
slik som tidlegare.

---

### Sakliste

| Saknr  | Tittel                                                                                |
|--------|---------------------------------------------------------------------------------------|
| 001/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                 |
| 002/16 | Godkjenning av møteprotokoll                                                          |
| 003/16 | 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn - plan-ID 1263-201401 |
| 004/16 | 1. gongs handsaming, Stølshaugane, gbnr. 141/1 og 141/3 m.fl.                         |
| 005/16 | 1.gangs handsaming av reguleringsplan for Keilen småbåthamn, gbnr 125/44 m.fl.        |

## **001/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent

### **16.02.2016 ELDRERÅDET**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedteke.

#### **ER - 001/16 VEDTAK:**

Innkalling og saksliste vert godkjend.

---

## **002/16: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent

### **16.02.2016 ELDRERÅDET**

Møteprotokollen fra møte 01.12.15 vert godkjend.

Samrøystes vedteke.

#### **ER - 002/16 VEDTAK:**

Møteprotokollen fra møte 01.12.15 vert godkjend.

---

## **003/16: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn - plan-ID 1263-201401**

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn, gbnr 102/8 m.fl, plan-ID 1263-201401, ut på høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

1. Det skal leggjast til ein paragraf som omtalar utnytting for område N.
2. Endra § 1.2.2, fjerde kulepunkt: *Det skal etablerast minimum 4 boder i kvart naust.*
3. Ny § 2.3 (2.3.1): *Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass.*
4. Ny § 2.2.2: *Eventuell oppfylling mot sjø askal avsluttast med naturstein og sikrast med gjerde om naudsynt.*

.....

### 02.12.2015 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### PM - 169/15 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn, gbnr 102/8 m.fl, plan-ID 1263-201401, ut på høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

1. Det skal leggjast til ein paragraf som omtalar utnytting for område N.
2. Endra § 1.2.2, fjerde kulepunkt: *Det skal etablerast minimum 4 boder i kvart naust.*
3. Ny § 2.3 (2.3.1): *Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass.*
4. Ny § 2.2.2: *Eventuell oppfylling mot sjø askal avsluttast med naturstein og sikrast med gjerde om naudsynt.*

### 15.02.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er enig med rådmannen sitt framlegg til vedtak med merknad:

Punkt 5.11.3 Funksjonshemma og eldre sine interesser:

- Det må utredast om det er moglegheit for å tilretteleggje området. Universell utforming må nyttast. Vegen ned til kai anlegg skal

etter loven være universellt utforma.

Samrøystes vedteke

**RMNF - 003/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er enig med rådmannen sitt framlegg til vedtak med merknad:

Punkt 5.11.3 Funksjonshemma og eldre sine interesser:

- Det må utredast om det er muligheit for å tilretteleggje området. Universell utforming må nyttast. Vegen ned til kai anlegg skal

etter loven være universellt utforma.

**16.02.2016 ELDRERÅDET**

Eldrerådet viser til pkt. 6.5 og 7.7 i planen og ber om at desse punkta vert gjennomført.

Samrøystes vedteke.

**ER - 003/16 UTTALE:**

Eldrerådet viser til pkt. 6.5 og 7.7 i planen og ber om at desse punkta vert gjennomført.

---

**004/16: 1. gongs handsaming, Stølshaugane, gbnr. 141/1 og 141/3 m.fl.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Stølshaugane, gbnr 141/1 og 141/3 m.fl. ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar være gjort:

1. Einebustadtomtene BE 12 - BE 15 og køyreveg KV04 skal takast ut av planframlegget
2. Føresegn 2.2.2 maks høgde på mur skal endrast til 1,5 meter
3. Krav til parkering for bustadane må innarbeidast i føresegnene
4. Arealet som er sett av til anna veggrunn må vera stort nok til at vegane kan prosjekterast innanfor Statens vegvesen si handbok 017.
5. Radius og dimensjonering på snuhammarane skal gå fram av plankartet.
6. LEIK 1 må få ei betre plassering i bustadfeltet og byte plass med BE3.
7. Det skal etablerast ein snarveg frå LEIK 1 til fortau GV5 aust i planområdet.
8. Gang-og sykkelveg GV5 skal forlengast langs heile KV03.
9. Konsekvensutgreiinga skal omfatte dei KU – tema som er vurdert i kommuneplanen

.....

## **02.09.2015 PLAN- OG MILJØUTVALET**

Utvalet var på synfaring før møtet tok til.

Rådmannen sitt framlegg fekk 2 røyster og fall (L.Brunborg-Åp, E.Foseid Aakre-Åp)

### **Framlegg frå Krf, H, Frp, SP:**

*Som rådmannen sitt framlegg med unntak av punkt 1. og 2.*

*8. Gangtilkomst mellom leik 2 og KV04 må sikrast ei god utforming. Gangveien skal være ferdig opparbeidd før igangsettingsløyve for BE15.*

Framlegget frå Krf, H, Frp, SP vart vedteke med 6 røyster (Kåre Romarheim-Krf, Alf Angelskår-Krf, Merete Vatnøy-Frp, Kjetil Gjerstad-Sp, Halvard Rydland-H, Jan-Erik Hope-H).

## **PM - 113/15 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Stølshaugane, gbnr 141/1 og 141/3 m.fl. ut til offentleg ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må følgjande endringar være gjort:

1. Krav til parkering for bustadane må innarbeidast i føresegnene
2. Arealet som er sett av til anna veggrunn må vera stort nok til at vegane kan prosjekterast innanfor Statens vegvesen si handbok 017.
3. Radius og dimensjonering på snuhammarane skal gå fram av plankartet.

4. LEIK 1 må få ei betre plassering i bustadfeltet og byte plass med BE3.
5. Det skal etablerast ein snarveg frå LEIK 1 til fortau GV5 aust i planområdet.
6. Gang-og sykkelveg GV5 skal forlengast langs heile KV03.
7. Konsekvensutgreiinga skal omfatte dei KU – tema som er vurdert i kommuneplanen.
8. Gangtilkomst mellom leik 2 og KV04 må sikrast ei god utforming. Gangveien skal være ferdig opparbeidd før igangsettingsløyve for BE15.

#### **15.02.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Råd formenneske med nedsett funksjonsevne støtter rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringer i punkt 2.3 universell utforming punkt 2.3.1

"Det skal leggjast tilrette slik at alle bustader får trinnfri tilkomst for rørslehemma. Trafikkområdet og leikeplassar skal være utforma slik at alle skal kinne nytta dei på ein likestilt måte uten spesiell tilpassning eller hjelpemiddel.

Samrøystes vedteke.

#### **RMNF - 004/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

Råd formenneske med nedsett funksjonsevne støtter rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringer i punkt 2.3 universell utforming punkt 2.3.1

"Det skal leggjast tilrette slik at alle bustader får trinnfri tilkomst for rørslehemma. Trafikkområdet og leikeplassar skal være utforma slik at alle skal kinne nytta dei på ein likestilt måte uten spesiell tilpassning eller hjelpemiddel.

#### **16.02.2016 ELDRERÅDET**

Eldrerådet viser til pkt 2.3. Universell utforming. Eldrerådet meiner det bør leggjast til rette slik at alle bustader får trinnfri tilkomst.

Samrøystes vedteke.

#### **ER - 004/16 UTTALE:**

Eldrerådet viser til pkt 2.3. Universell utforming. Eldrerådet meiner det bør leggjast til rette slik at alle bustader får trinnfri tilkomst.

-----

## **005/16: 1.gangs handsaming av reguleringsplan for Keilen småbåthamn, gbnr 125/44 m.fl.**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Keilen småbåthamn, gbnr 125/44 m.fl. ut til offentlig ettersyn.

.....

### **02.12.2015 PLAN- OG MILJØUTVALET**

#### **Fellesframlegg:**

#### *Tillegg til rådmannen sitt framlegg:*

Nytt punkt 4.3.3 i føresegner

- *Innenfor SK1 eller SK2 skal det etablerast båtopptrekk som er tilgjengeleg for ålmenta.*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PM - 167/15 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Keilen småbåthamn, gbnr 125/44 m.fl. ut til offentlig ettersyn.

Nytt punkt 4.3.3 i føresegner

- Innenfor SK1 eller SK2 skal det etablerast båtopptrekk som er tilgjengeleg for ålmenta.

### **15.02.2016 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Viser til punkt 9.4 universell utforming.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er svært glad for at det har vorte teke omsyn til universell utforming slik at alle kan nytte kai og lagerområdet.

Samrøystes vedteke.

#### **RMNF - 005/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er svært glad for at det har vorte teke omsyn til

universell utforming slik at alle kan nytte kai og lagerområdet.

**16.02.2016 ELDRERÅDET**

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Samrøystes vedteke.

**ER - 005/16 UTTALE:**

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

---

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval                                      | Type | Dato       |
|--------|--------------------------------------------|------|------------|
| 020/16 | Plan- og miljøutvalet                      | PS   | 17.02.2016 |
| 020/16 | Levekårsutvalet                            | PS   | 15.03.2016 |
| 008/16 | Eldrerådet                                 | PS   | 15.03.2016 |
| 008/16 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 14.03.2016 |

| Saksbehandlar         | ArkivsakID |
|-----------------------|------------|
| Christian H. Reinshol | 14/5248    |

## 1. gangs handsaming av reguleringsplan Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38, m.fl.

32T

2014096-Planskildring2014096-Reg-plan2014096-Vedtekter

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38 m.fl, ut på høyring og offentlig ettersyn på følgjande vilkår:

Endring i føresegner:

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan først opp i same storleik som eksisterande naust.
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Ny § 2.4(2.4.1): Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må først forbi eller under naust i N1.

.....

**Plan- og miljøutvalet - 020/16**

**PM - behandling:**

## **Fellesframlegg:**

### ***Rådmannen sitt framlegg med endring av pkt. 3:***

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. *Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan førast opp etter same krav som naust i N1 og med tiløyrande kaifront som N1.*
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

## **PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Bergåsstranda naustområde, gbnr 63/38 m.fl, ut på høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

Endring i føresegner:

1. § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
2. § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.
3. Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan førast opp etter same krav som naust i N1 og med tiløyrande kaifront som N1.
4. Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.

Ny § 2.4(2.4.1): Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må førast forbi eller under naust i N1.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

## Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn. I samband med offentleg ettersyn går saka til uttale i Eldrerådet, Levekårsutvalet og Råd for menneske med nedsett funksjonsemne.

Oppdragsgjevar for reguleringsplanen er Jarle Bergås, Magnar Bergås, Unndis Bergås, Aud-Mai Bergås Myksvoll og Henning Klemmentsen, medan plankonsulent er ADU-Ing. Atle Utkilen har vore plankonsulent.

Føremålet med planen er å leggje til rette for etablering av naustmiljø med 5 nye naust, samt å bygge tilkomstveg med parkering. Ny tilkomstveg vert også ny tilkomst til eksisterande hytte på gbnr 63/11 og eksisterande tilkomst til eigedommen vert stengd. I tillegg er det regulert til fritidseigedom innanfor planområdet.

Planområdet ligg på Myksvoll, rett nord for campingplassen og nedanfor Lurevegen mot sjøen. Planområdet er på om lag 4,4 dekar. Lurevegen har status som fylkesveg og har 80 km/t fartsgrense.

Naustområdet vil som sagt få tilkomst frå ny avkøyrsla frå Lurevegen, der parkering vert løyst langs vegen ned mot nausta. Eksisterande fritidsbustad på 63/11 vil også få tilkomst via denne nye avkøyrsla. Eksisterande avkøyrsla for fritidsbustaden på 63/11 er trafikkfarleg og vert stengt. Flytting av avkøyrsla vil gje eit meir oversiktleg trafikkbilete på den aktuelle strekka.

Det vert opna opp for 5 nye naust innanfor naustområdet. Ein ser for seg at naustrekka vert delt opp i høvesvis 2 og 3 naust. Utforming og storleik på nausta er i stor grad i samsvar med krava i kommuneplanen. Det er regulert inn ny kai i forkant av nausta mot sjø og det er sett krav om at denne skal opparbeidast med treskjørt som overflate. Det er ikkje tenkt tilknytting til VA-anlegg for nausta, men det er opna opp for at dette kan verta ført fram i framtida. Det er tenkt etablert straum fram til nausta. Renovasjon til området er ikkje planlagt, då det kun er naust som er tenkt i området.

Eksisterande naust i området skal vidareførast og det vert ikkje lagt opp til endringar her. Det same gjeld ein mindre kai som er regulert inn.

Det er vidare regulert til fritidsbustad for eigedommane 63/11 og 17. Her er det ikkje planlagt noko endring i bruk av området utover ny tilkomstveg til eigedommen. Det er lagt inn ei opning i føresegnene om at ein kan endre området til bustad. Dette er basert på at området er godt eigna til bustad når ein får bygd ein fullverdig tilkomstveg. Vidare er det regulert til bustad på delen av gbnr 63/14 som ligg innanfor siktområdet for det nye krysset inn til naustområdet. Dette er ikkje i samsvar med kommuneplanen, men det er teke utgangspunkt i at eigedommen er godkjent til bustad av kommunen og ein ynskjer å regulere eigedommen til det føremålet den er godkjent til.

## Vurdering

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

## Bakgrunn

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn. I samband med offentleg ettersyn går saka til uttale i Eldrerådet, Levekårsutvalet og Råd for menneske med nedsett funksjonsemne.

Oppdragsgjevar for reguleringsplanen er Jarle Bergås, Magnar Bergås, Unndis Bergås, Aud-Mai Bergås Myksvoll og Henning Klemmentsen, medan plankonsulent er ADU-Ing. Atle Utkilen har vore plankonsulent.

Føremålet med planen er å leggje til rette for etablering av naustmiljø med 5 nye naust, samt å bygge tilkomstveg med parkering. Ny tilkomstveg vert også ny tilkomst til eksisterande hytte på gbnr 63/11 og eksisterande tilkomst til eigdommen vert stengd. I tillegg er det regulert til fritidseigedom innanfor planområdet.

Planområdet ligg på Myksvoll, rett nord for campingplassen og nedanfor Lurevegen mot sjøen. Planområdet er på om lag 4,4 dekar. Lurevegen har status som fylkesveg og har 80 km/t fartsgrense.

Naustområdet vil som sagt få tilkomst frå ny avkøyrsla frå Lurevegen, der parkering vert løyst langs vegen ned mot nausta. Eksisterande fritidsbustad på 63/11 vil også få tilkomst via denne nye avkøyrsla. Eksisterande avkøyrsla for fritidsbustaden på 63/11 er trafikkfarleg og vert stengt. Flytting av avkøyrsla vil gje eit meir oversiktleg trafikkbilete på den aktuelle strekka.

Det vert opna opp for 5 nye naust innanfor naustområdet. Ein ser for seg at naustrekka vert delt opp i høvesvis 2 og 3 naust. Utforming og storleik på nausta er i stor grad i samsvar med krava i kommuneplanen. Det er regulert inn ny kai i forkant av nausta mot sjø og det er sett krav om at denne skal opparbeidast med treskjørt som overflate. Det er ikkje tenkt tilknytning til VA-anlegg for nausta, men det er opna opp for at dette kan verta ført fram i framtida. Det er tenkt etablert straum fram til nausta. Renovasjon til området er ikkje planlagt, då det kun er naust som er tenkt i området.

Eksisterande naust i området skal vidareførast og det vert ikkje lagt opp til endringar her. Det same gjeld ein mindre kai som er regulert inn.

Det er vidare regulert til fritidsbustad for eigedommane 63/11 og 17. Her er det ikkje planlagt noko endring i bruk av området utover ny tilkomstveg til eigdommen. Det er lagt inn ei opning i føresegnene om at ein kan endre området til bustad. Dette er basert på at området er godt eigna til bustad når ein får bygd ein fullverdig tilkomstveg. Vidare er det regulert til bustad på delen av gbnr 63/14 som ligg innanfor siktområdet for det nye krysset inn til naustområdet. Dette er ikkje i samsvar med kommuneplanen, men det er teke utgangspunkt i at eigdommen er godkjent til bustad av kommunen og ein ynskjer å regulere eigdommen til det føremålet den er godkjent til.

## Vurdering

Planframlegget legg opp til etablering av nytt naustområde med 5 nye naust. I tillegg vert det regulert ny tilkomstveg, parkering og kaifront for dei nye nausta. Vidare vert eksisterande fritidsbustad, naust og kai regulert inn og eksisterande avkøyrsløse til gbnr 63/11 vert stengt. Mindre delar av gbnr 63/14 vert regulert til bustadføremaal.

I høve overordna plan er tiltaka i stor grad regulert i samsvar med føremål sett av i kommuneplanen. Det er regulert inn bustad på gbnr 63/14, dette i tråd med at det er godkjent einbustad på eigedommen. Administrasjonen meiner at det er føremålstenleg at ein regulerer eigedommen til den godkjente bruken, og vil peike på at det berre er ein liten del i ytterkanten av eigedommen som vert regulert i denne planen.

Vidare er det gjort ei justering av byggegrense mot sjø i høve grensa som er sett i kommuneplanen. Byggegrensa er justert ca 5 meter nærare sjøen enn det som er vist i kommuneplanen. Administrasjonen meiner at det kan vere greitt å godkjenne ei justering av byggegrensa i dette tilfellet, då gbnr 63/11 også har ei avgrensing for bygging på 15 meter frå midte på fylkesvegen som går forbi eigedommen i sør, noko som fører med seg at det berre vil vere ei smal sone på eigedommen som det vil vere høve til å bygge på. Ei justering av byggegrense mot sjø vil opne opp for ei meir føremålstenleg utnytting av tomta utan at det vil ha spesielle konsekvensar for strandsonevernet etter administrasjonens vurdering. Etter justeringa vil ein ha ei sone på 16-20 meter å bygge innanfor, medan ein ved å bruke avgrensinga i kommuneplanen ville ligge på om lag 10 meter på det smalaste. Det er vidare opna opp for i føresegnene, at ein utan reguleringsendring kan omgjere fritidseigedommen til bustadføremaal om dette er ynskjeleg. Administrasjonen meiner at ein anten må regulere eigedommen til det føremålet ein ynskjer i dette tilfellet (bustad), eller så må ein gå ut i frå at eigedommen skal vere fritidseigedom. Det er andre krav som ligg føre til bustadhus enn det som gjeld fritidsbustader, og ein bør ikkje opne for bustadbygging utan at ein regulerer deretter. Administrasjonen vil føreslå at ein tek ut moglegheiten til å gjere om til bustad i føresegnene. Vidare meiner administrasjonen at utnyttingsgraden for eigedommen er mykje høgare enn det det er opna opp for i føresegnene til kommuneplanen, der det er sett tak for fritidsbustader på 120 m<sup>2</sup>. Gbnr 63/11 er på om lag 1550 m<sup>2</sup>, og administrasjonen meiner på bakgrunn av dette at utnyttingsgrad vert sett til 10 % BRA. Parkeringsareal skal ikkje reknast med i utrekning av BRA. Det bør også settast inn avgrensing av maksimal mønehøgde til 9 meter.

- § 1.1: Fjerne setning «Eigedommen kan endrast frå fritidsbustad til bustad utan krav om reguleringsendring».
- § 1.1: Endre utnyttingsgrad til 10 % BRA av gbnr 63/11. Maksimal mønehøgde er 9 meter frå planert terreng.

Dei nye nausta har krav som samsvarer med krava som er sett i kommuneplanen. Det er sett inn byggegrenser og angitt utnytting for kvart enkeltnaust. I tillegg er det sett krav til etablering av ny kai i tilknytting til nausta. Naustrekka er også tenkt delt opp i to delar på høvesvis 2 og 3 naust, noko administrasjonen ser som føremålstenleg. Dette vil gje passasje mellom nausta og tilgang til kai. I høve eksisterande naust er det ikkje lagt inn byggegrense eller sagt noko om utnytting. Administrasjonen vil føreslå at det vert lagt inn at byggegrense går i føremålsgrensa for N2 og at nytt naust kan førast opp i same storleik som eksisterande.

- Tillegg til § 1.3.1: Byggegrense for N2 går i føremålsgrensa. Nytt naust kan førast opp i same storleik som eksisterande naust.

I høve ny avkøyrsløse til området, er administrasjonen positiv til at det vert lagt opp til ei

sanering av dagens avkøyrsløse til gbnr 63/11 og ny avkøyrsløse noko lenger nord. Dette vil gje ei meir oversiktleg kryssløysing og ei meir trafikksikker løysing. Tilkomstvegen ned til nausta vil vere relativt bratt på strekket frå parkeringsplassen for nausta og ned til planert flate på 2,4 meter. Adminstrasjonen meiner likevel at dette vert over ein relativt kort distanse og at dette kan godkjennast. Det må likevel påreknast at tilkomst med bil heilt ned til nausta vinterstid kan verte vanskeleg.

Tekniske anlegg er ikkje planlagt i området, utover framføring av straum til naustrekka. Elles er det snakk om private anlegg. Det er opna opp for framføring av VA-anlegg til nausta dersom dette skulle vere aktuelt i framtida. Adminstrasjonen meiner det må presiserast at det vert gjeve løyve til å føra fram vatn til nausta, men ynskjer ikkje å opne opp for avlaup, då dette kan føre med seg at det vert etablert toalettfasilitetar i nausta og legg til rette for varig opphald. Det er ikkje nemnt noko spesielt knytt til dette i føresegnene, men adminstrasjonen ynskjer å ta inn eit punkt som omtaler dette i føresegnene.

- *Ny § 1.3.7: Det vert tillate å føre fram vatn til nausta. Avlaup frå nausta vert ikkje tillate.*

I høve ROS-analysen er det ikkje alvorlege hendingar som kan oppstå som følgje av utbygginga, men det er trekt fram at ekstremnedbør kan føre til mykje overvatn, og at ein må sikre god avrenning frå grøfter til terreng og direkte til sjø. Adminstrasjonen meiner at handtering av overvatn må sikrast betre i føresegnene.

- *Ny § 2.4(2.4.1): Overvasshandtering: Det skal sikrast tilstrekkeleg overvasshandtering langs veg og på parkeringsplass. Avrenning må førast forbi eller under naust i N1.*

I høve naturmangfald er det vurdert at tiltak etter reguleringsplanen i liten grad vil påverke dyre- og plantelivet utover dei etableringsane som er gjort tidlegare. Adminstrasjonen kan ikkje sjå at det er spesielle naturverdiar som vert påverka av planlagde tiltak. Vidare opnar planframlegget opp for at fleire kan ta i bruk sjøområdet og strandsona, og adminstrasjonen vurderer planframlegget til å ha ein positiv effekt for folkehelse i området.

\*\*\*\*\*

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval                                      | Type | Dato       |
|--------|--------------------------------------------|------|------------|
| 007/16 | Plan- og miljøutvalet                      | PS   | 17.02.2016 |
| 009/16 | Eldrerådet                                 | PS   | 15.03.2016 |
| 021/16 | Levekårsutvalet                            | PS   | 15.03.2016 |
| 009/16 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 14.03.2016 |

|                       |            |
|-----------------------|------------|
| Saksbehandlar         | ArkivsakID |
| Christian H. Reinshol | 14/1671    |

## 1. gangs handsaming av reguleringsplan Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl.

32T

Planskildring\_VesleheimenPlanføresegner\_Vesleheimen\_04.02.2016\_red\_ADM13014\_Vesleheimen\_16\_16.12.2015\_Plankart\_A213014\_illustrasjonsplan\_Vesleheimen\_22.12.2015\_A213014\_Snitt\_Vesleheimen\_22.12.2015\_A4Avkjørsel Vesleheimen tilpasningsforslag Vegavd. Lindås kommune (R. Kilen 05.03.2015)Lende- og tverrprofiler\_VesleheimenVegkryss\_Vesleheimen

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl, ut til høyring og offentlig ettersyn. Vedlagte plandokument vert lagt til grunn.

.....

### Plan- og miljøutvalet - 007/16

#### **PM - behandling:**

Utvalet var på synfaring før møte tok til.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Vesleheimen, gbnr 137/63 m.fl, ut til høyring og offentlig ettersyn.

Vedlagte plandokument vert lagt til grunn.

.....

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

## **Bakgrunn**

Plan- og miljøutvalet tek stilling til om planframlegget skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn.

Oppdragsgjevar for reguleringsplanen er Maja og Karina Isdal, medan Ard Arealplan AS har vore plankonsulent.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for utbygging av eigedom 137/63, som er avsett til bustadføremål innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund. Totalt vert det opna opp for inntil 20 nye bustader innanfor planområdet, fordelt på 3 bygg med høvesvis 4, 6 og 9 bustader. I tillegg er det opna opp for ein ekstra einebustad på eksisterande bustadtomt 137/155. Det er lagt opp til parkeringskjellar under seksmannsbustaden, der det vert lagt til rette for at kvar bustad i dei nye bygga skal ha ein parkeringsplass under tak. Felles grøntareal er plassert i tilknytning til dei ulike bygga, og det er planlagt eit tun sentralt i området som skal fungere som møteplass. Det er i tillegg til den aktuelle eigedommen regulert inn tilliggande eigedommar, tilkomstveg og kryssområde i Isdalstøbakken.

Området som vert regulert er på om lag 9,8 dekar, og er i kommunedelplan for Knarvik-Alversund sett av til bustadføremål og er soleis i samsvar med overordna plan. Planområdet er i hovudsak eigedom 137/63, men tilstøytande eigedommar er tekne med for å unngå at ein får uregulerte felt mellom dei ulike reguleringsplanane i området. Vidare er det teke med naudsynt areal knytt til hovudtilkomsten frå Isdalstøbakken og kryssutforming i Isdalstøbakken.

Det vert opna for totalt 20 nye bueiningar innanfor planområdet, fordelt på ein ny einebustad i tillegg til bygg med 4, 6 og 9 bustader. Bustadane er tenkt utforma med 2-3 etasjar, der BBB1 får inntil 4 bueiningar, BBB2 får inntil ni bueiningar og BBB3 inntil 6 bueiningar. BBB2 blir det største bygget med inntil 11 meter byggehøgde, medan BBB1 og BBB3 får maksimal byggehøgde på høvesvis 8 og 9 meter. BBB3 vil verte bygd på delvis underjordisk parkeringskjellar som blir felles for dei nye bustadane.

Parkering for bustadane er organisert slik at alle dei nye bustadane innanfor den

konsentrerte busetnaden vil få ein plass i parkeringskjellaren under BBB3. I tillegg vert det lagt til rette for 10 parkeringsplassar ved høvesvis BBB2 og BBB3 som kan fungere som gjesteparkering og tilleggs plassar. BBB1 vil ikkje ha parkeringsmoglegheit tett inntil bygget, men det vil verte lagt til rette med køyrbar gangveg fram til bygget slik at varelevering og liknande har moglegheit til å kome fram til bygget. Totalt vert det lagt opp til 1,5 plassar per bueining.

Det er lagt opp til gode grøntareal innanfor planområdet. Sentralt i planområdet har ein lagt til rette for eit fleirbrukstun som kan fungere som møteplass for bustadane med mellom anna leikeplass for småborn og tuntre. I tillegg skal tunet opparbeidast med eit grønt preg og det skal nyttast organiske materialar og ikkje asfalt. Det er vidare lagt opp til to leike-/grøntareal med gode kvalitetar, der det også er lagt til rette for at ein kan etablere parsellhagar. Lengst nord i planområdet er det lagt til rette for at ein skal ta vare på eksisterande vegetasjon og kunne bruke området som naturleikeplass. Mellom tilkomstvegen til området og BBB2 er det tenkt at det skal etablerast ein grøn allé.

Tilkomst til planområdet vert frå eksisterande avkøyrsløse mot Isdalstøbakken. Tilkomsten har vorte mykje diskutert i planprosessen, då dagens kryssløysing ikkje er trafikksikker nok og ein kunne ikkje tillate auka bruk av vegen/krysset utan å gjere tiltak. Det vart først drøfta å stenge avkøyrsla for å finne ein ny tilkomst anten via reguleringsplan for Kubbaleitet eller via 137/62 som grensar til planområdet i nord. Det var ikkje mogleg å kome til einigheit om vegtilkomst verken via det beste alternativet over 137/62 eller via Kubbaleitet. Ein gjekk då tilbake til den opphavlege løysinga med dagens tilkomst, men såg på kva løysingar ein kunne få til for å oppnå ei fullgod trafikkløysing i krysset. For å oppnå ei fullgod løysing i eksisterande kryss, vart det inngått ein avtale med eigar av 137/181. Dette har gjort det mogleg å flytte eksisterande veg litt mot nord, og dermed få ein lengdeprofil som tilfredstillar alle krav, samstundes som ein får tilpassa ny vegføring med alle eksisterande avkøyrsløse. Det er utarbeidd teikningar for eit meir trafikksikkert kryss som er vist i plankartet og eigne teikningar. Tiltak som er gjort for å forbetre trafikforholda er at avkøyrsløsen til planområdet er gjort breiare for å gjere den meir oversiktleg, samt ein oppstramming/forbetring av dei eksisterande innkøyrsløse innanfor planområdet. Avkøyrsla frå FV 565 som kjem inn på Isdalstøbakken i nordaust er blitt lagt til rette for å verte forkøyrsløse, då det er i den retning mesteparten av trafikken kjem og går. På den austsida av Isdalstøbakken i nord har busslomma som ikkje lenger er i bruk blitt fjerna og det har blitt lagt til rette for fortau for å hindre at folk parkerer i busslomma og gjer siktforholda for køyrande dårlege. I tillegg til ei betre utforming av krysset, er det no lagt inn fortau på 1,5 meter for å sikre eit tilbod til mjuke trafikantar inn til området.

I høve avfallshandtering er det lagt opp til eit eige areal for henting av avfall med god tilkomst og snuradius, med gode moglegheiter for handtering av avfallsdunkar. Området er vidare tenkt tilknytt kommunalt vatn, medan avlaup vert handtert med slamavskillar med relevant storleik.

## Vurdering

Framlegget til reguleringsplan for Vesleheimen er vurdert av administrasjonen og administrasjonen sine vurderingar kjem fram under. Framlegget vert vurdert i høve ulike tema og framlegg til endringar og justeringar i planframlegget vert presentert under kvart punkt.

### Tilhøvet til overordna plan:

Planområdet ligg innanfor område sett av til bustadføremål i kommunedelplan for Knarvik-Alversund og er soleis i samsvar med overordna plan. Tilkomst til området er ikkje vist spesielt i overordna plan, så totalt sett er planframlegget i samsvar med dei retningslinene kommunedelplanen for Knarvik-Alversund legg opp til.

### Bustadstruktur:

Det vert lagt opp til ei relativt høg utnytting på den aktuelle tomte, med opp til 19 nye bueiningar fordelt på 3 bygg. Området rundt dei planlagde bustadane er bygd ut med einebustader og rekkehus frå tidlegare. Dei planlagte bustadane vil stå fram som ei fortetting av området, men vil vere i samsvar med fortetting som er godkjent tidlegare i kringliggjande område, mellom anna Kubbaleitet, Hordasmibakken og Kupaleitet. Administrasjonen meiner at det er føremålstenleg med fortetting i områda nært Knarvik der det ligg til rette for slik utvikling. I høve eksisterande bustadstruktur vil planframlegget føre med seg at strukturen med einebustader og rekkehus i området vert endra, men administrasjonen meiner likevel at utforminga på bygga og området elles er av ein slik art at området likevel ikkje vil framstå som overdrevent fortetta.

### Estetikk og nabotilhøve:

Dei planlagde nye bygga vil vere av ulik storleik og vil på bakgrunn av dette ikkje framstå som eit samla dominerande bygg. Det er lagt vekt på at terreng og eksisterande vegetasjon i stor grad skal takast vare på og ein ynskjer å utforme gode uteareal. Når det gjeld tilliggande bustader i området, vil dei nye bygga medføre endringar i utsiktstilhøve. Heile planområdet ligg på om lag i same høgd, men er noko kupert. Dette gjer at det ikkje vert mogleg å avtrappe dei nye bygga i særleg stor grad. For eksisterande bustad innanfor BFS1 vil det verte mindre utsikt mot nordvest. For BFS2 vil bygget BBB2 med maksimal høgd på 11 meter ta ein del utsikt i vestleg retning. For bustadane i 137/47, 762 og 763 vil bygg BBB2 og BBB3 stenge for mykje utsyn mot sørvest, men det vil vere ein passasje på minimum 12 meter mellom dei nye bygga som vil gje opning mot sørvest. Administrasjonen meiner at det her er snakk om eit bustadområde i sentrumsnært område og at ein i desse områda må forvente at det kjem nye bygg på naboeigedommar som kan gje noko reduksjon i utsikt. Vedlagte snitt viser ei framstilling av korleis dei ulike bygga vil kunne verte etablert.

### Trafikk og parkeringstilhøve:

Tilkomst inn til området har vorte drøfta med kommunen i fleire omgangar, der det har vorte sett på ulike alternativ. Kommunen har i utgangspunktet vore negativ til auka bruk av eksisterande kryss, med tanke på at det vil kome ei stor framtidig auke i trafikken gjennom krysset ved Hordasmia. Bakgrunn for trafikkauken er mellom anna tre nye reguleringsplanar i området per i dag (Kubbaleitet, Alverneset og Hordasmibakken) som opnar opp for om lag 200 nye bustader, i tillegg til at det kan vere aktuelt å stenge krysset ved Isdalstø kai på sikt. I planprosessen vart det tidleg anbefalt ei løysing der dagens avkøyrsløp inn til planområdet

vart stengt og ein fekk ny tilkomst anten over 137/62 i nord, alternativt via reguleringsplan for Kubbaleitet. Tiltakshavar og kommunen har vore i dialog med dei aktuelle naboane, men har ikkje funne fram til einighet om løysingar som kunne realisere nokre av desse alternativa. Ein gjekk på bakgrunn av dette tilbake til dagens kryssløysing for å sjå kva ein kunne gjere med krysset for å få ei tilfredsstillande kryssutforming som tek i vare trafikktryggleiken for alle trafikantar. Resultatet er at ein har fått til ei utbetring av dagens tilkomstveg og eksisterande avkøyrslar som gjer at ein får tilfredsstillande løysingar i sjølve utkøyrsla på Isdalstøbakken. I tillegg vert det lagt opp til at avkøyrsla mot nord i Isdalstøbakken får ein anna utforming, mellom anna ved hjelp av ei refuge i vegen, og at det i tillegg vert vikeplikt for denne vegen i krysset. Dette vil gjere kryssløysinga meir oversiktleg og vil også bidra til å få ned farten på strekka.

Når det gjeld mjuke trafikantar, er det tenkt at ein må opprette fysiske hinder på gang- og sykkelvegen i Isdalstøbakken for å få ned farta i avkøyrsla inn til planområdet. Siktforhold for bilar vil verte bra, men det vil vere viktig å få ned farten på syklistar som nyttar gang- og sykkelvegen. Det er i tillegg lagt inn fortau inn til dei nye bustadane for å sikre gode tilhøve for mjuke trafikantar heilt inn til dei nye bustadane. Det er også lagt opp til gode løysingar mellom dei ulike grøntområda for å legge til rette for trygge forhold for born og unge.

I høve parkering så var det i utgangspunktet lagt opp til overflateparkering for alle dei nye bustadane innanfor området. Etter dialog med tiltakshavar og plankonsulent er dette no endra til å verte underjordisk parkering under BBB3, for å opne opp for meir grøne areal i planen. Dette har mellom anna opna opp for etablering av felles tun mellom BFS1, BBB1 og BBB3. Det er i tillegg opna opp for noko overflateparkering som mellom anna skal fungere som gjesteparkering. BBB1 har ikkje parkering i umiddelbar nærleik til bustadane, men det vert lagt opp til at f\_SGG vert køyrbar for å legge til rette for vareleveransar og liknande. Minimum 10 % av parkeringsplassane skal vere utforma for rørslehemma. For ein bustadtomtene må det takast med at det skal vere mogleg å snu bil på eigen tomt. Vidare meiner administrasjonen at det er føremålstenleg å ta med ei føresegn knytt til at det vert lagt til rette for lading av køyrety i parkeringshuset.

- *Ny 4.1.4: Parkeringsplassar og garasjar skal utarbeidast slik at det er mogleg å snu på eigen tomt.*
- *Tillegg til § 5.4.4: Det skal leggjast til rette for lading av køyrety i parkeringsanlegget.*

#### Leike- og uteopphaldsområde:

Det er lagt opp til gode felles leike- og uteopphaldsområde i planen. Mellom anna er det lagt opp til eit felles tunområde mellom BBB1, BBB3 og BFS1 me tuntre, som skal opparbeidast som fleirbrukstun med bruk av organiske materialar. Vidare er det lagt opp til at ein skal lage til ein grøn allé mellom BBB2 og BBB3, langs tilkomstvegen inn til området. Leikeareala er lagt til rette for både små og større born, og også dei to leikeplassane er tenkt med tuntre. I tillegg skal f\_BLK2 opparbeidast med felles funksjonar for bustadområdet, som til dømes akebakke, bål-/ grillplass, parsellhagar og liknande. Dei ulike grøne områda er kopla saman med gangveg, som skal gjere ferdsle trygg for dei minste borna. Alt i alt meiner administrasjonen at det er lagt opp til gode felles grøntområde i planen, men ynskjer at illustrasjonsplanen skal vere retningsgjevande for den endelege utforminga slik at ein bitt opp dei gode kvalitetane og intensjonane enno betre.

- *Ny 2.1.4: Illustrasjonsplan datert 22.12.2015 er rettleiande for utforming av*

*uteområda.*

#### Renovasjon og tekniske anlegg:

Det er lagt opp til henteplass for buss ved BBB3, ved innkøyrsla til parkeringsanlegget. Det vil vere enkelt for renovasjonsbil å arbeide ved henteplassen og svingradius er god, slik at det er lett å snu. Når det gjeld tekniske anlegg, vil det verte etablert felles slamavviklar for dei nye bustadane og avlaup vil vidare gå inn på kommunalt anlegg. Vatn er tenkt henta frå kommunalt anlegg. Det er sikra at VA-rammeplan som skal skildre vassforsyning, handtering av overvatn og spillvatn, samt uttak for brannslukking, ligg føre før søknad om rammeløyve for bustadane. Administrasjonen meiner likevel det bør presiserast i føresegnene at det ved utbygging etter planen må sikrast at overvassituasjonen nedstraums for planområdet ikkje vert endra som følgje av utbygginga.

- *Ny § 5.5.1: Det må visast tilstrekkeleg overvasshandtering i VA-rammeplan og utbygging etter reguleringsplanen skal ikkje føre til endring i overvassituasjonen nedstraums for tiltaket.*

#### ROS-analyse, natumangfald og folkehelse:

ROS-analyse har ikkje avdekt spesielle moment som medfører risiko i planområdet. I høve natumangfald er det ikkje registrert spesielle naturverdiar i området, og tiltaka vil ikkje bygge ned viktig natur eller landskap eller føre til uønskte utslepp. I høve folkehelse meiner administrasjonen at dei gode uteområda planen legg opp til, saman med gode moglegheiter for å kunne gå eller sykle til viktige funksjonar i nærområdet legg til rette for at ein kan vere mindre avhengig av bil. I tillegg legg planen opp til gode møteplassar og fellesareal og eit godt bustadmiljø. Området ligg også relativt nært attraktive turområde mot Erstadfjellet og også framtidig kyststi som delvis vil verte etablert i samband med reguleringsplanane Kubbaleitet og Alverneset.

#### Planteknisk:

Administrasjonen har vurdert det plantekniske materialet som er levert inn, og har gjort nokre mindre endringar og presiseringar i dette:

- Legge inn begrepet bueiningar i alle føresegner, evt totalt tal på bueiningar.
- Skrive om til avkøyrsløp i 8.1.1 for å vere meir spesifikk på kva som er meint med «avkøyrsløp».
- Mindre rettingar i føresegnene på nummerering og mindre feil.

#### Oppsummering:

Administrasjonen har gått gjennom planframlegget og meiner at planframlegget legg til rette for eit bustadområde med gode kvalitetar og gode fellesområder som legg til rette for eit godt

bumiljø. Det vert lagt opp til ei relativt høg utnytting i området, men administrasjonen meiner at kvalitetane i planframlegget er gode og at det er føremålstenleg med ei fortetting i eit område med nærleik til kommunesenteret og andre fasilitetar som skule, barnehage og idrettsanlegg. Administrasjonen har føreslått nokre endringar i føresegnene for å sikre at intensjonane i planframlegget vert gjennomført, og har i tillegg lagt til nokre føresegner knytt til parkering, lading av køyrety og overvatn.

.....

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval                                      | Type | Dato       |
|--------|--------------------------------------------|------|------------|
| 018/16 | Plan- og miljøutvalet                      | PS   | 17.02.2016 |
| 010/16 | Eldrerådet                                 | PS   | 15.03.2016 |
| 022/16 | Levekårsutvalet                            | PS   | 15.03.2016 |
| 010/16 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | PS   | 14.03.2016 |

|                |            |
|----------------|------------|
| Saksbehandlar  | ArkivsakID |
| Trude Langedal | 14/2898    |

## 3.gangs handsaming av reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet, planID 1263\_201112

32T

Reguleringsplan 1av2Reguleringsplan 2av2Reguleringsføresegner 28.01.2016Merknader  
m\_kommentar 28.01.2016TverrprofilerC001C002C003D001D002D003Merknad til FV 404 - Kvamme -  
FossevatnetMerknad frå Unni og Thore HattenMerknad frå styret i UL SambygdingenMerknad frå  
Statens vegvesenMerknad frå Sigfred JohansenMerknad frå Ola Godtfred GangsøyMerknad frå  
NGIRMerknad frå Marion Rath og Einar Patrick R.LundbergMerknad frå Liv Astrid og Leiv Steinar  
ÅsebøMerknad frå Jostein AlvsvågMerknad frå Jostein Alvsvåg m.flMerknad frå John-Kato  
HjertåsMerknad frå Hordaland FylkeskommuneMerknad frå Helge Inge FosseMerknad frå Helge Inge  
Fosse m.flMerknad frå Gunnar DidriksenMerknad frå Geir og Elisabeth B.TonningMerknad frå  
Fylkesmannen i HordalandMerknad frå Eli KalnesMerknad frå BKK Nett ASMerknad frå Audun  
EidsheimMerknad frå Arnljot Jordal og Gro Hjellevik JordalMerknad frå Anne Hilde P. Nygård og Bjørn  
D.NygårdMerknad 2 frå Sigfred JohansenMerknad 2 frå Geir og Elisabeth B.TonningKart som høyrer  
til merknad 2 frå Sigfred Johansen

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan – og bygningslova § 12-10, vedtek Plan-og miljøutvalet å leggje  
reguleringsplan for Fv. 404 strekninga Kvamme – til kryss med Fossevatnet ut på 3.gangs  
høyring og offentleg ettersyn.

\*\*\*\*\*

### Plan- og miljøutvalet - 018/16

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - vedtak:**

I medhald av plan – og bygningslova § 12-10, vedtek Plan-og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Fv. 404 strekninga Kvamme – til kryss med Fossevatnet ut på 3.gangs høyring og offentlig ettersyn.

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming:**

Saka skal til uttale i Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Levekårsutvalet.

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Plan – og miljøutvalet skal avgjera om saka skal sendast ut på 3.gangs høyring og offentlig ettersyn med dei endringane som er gjort i planframlegget etter 2. gangs høyring.

**Saka gjeld:**

Planframlegget for Fv 404 vart 2. gangs handsama i Plan-og miljøutvalet 23.09.2015. Framlegget vart sendt ut på høyring og offentlig ettersyn i perioden 14.oktober-27.november 2015. I høyringsperioden, den 28.oktober, inviterte kommunen og Statens vegvesen til synfaring langs vegtraseen og kontordag på rådhuset etterpå. Det var svært godt oppmøte både på synfaringa og kontordagen. I tillegg stilte også administrasjonen opp på synfaring og møter med einssilde grunneigarar i høyringsperioden på forespørsel. Totalt kom det inn 24 merknader til planframlegget, 5 offentlege og 19 private.

Planforslaget vart revidert for å imøtekomma nokre av merknadene. Oversikt over endringane er lista opp under oppsummeringa etter merknadsgjennomgangen.

Tidlegare handsaming av saka er vist med kursiv under:

| <i>Utalssak nr.</i> | <i>Utval</i>           | <i>Type</i> | <i>Møtedato</i> |
|---------------------|------------------------|-------------|-----------------|
| 128/15              | Plan – og miljøutvalet | PS          | 23.09.2015      |

| <i>Saksbehandlar</i> | <i>Arkivsak ID</i> |
|----------------------|--------------------|
| 128/15               | 14/2898            |

**2. gangs handsaming av reguleringsplan for FV 404 strekninga Kvamme - Fossevatnet,**

## **planID 1263\_201104**

*Rådmannen sitt framlegg til vedtak*

*I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme – til kryss ved veg til Fossavatnet ut til offentlig ettersyn*

.....  
*Plan- og miljøutvalet - 128/15*

*PM - behandling:*

*Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.*

*PM - vedtak:*

*I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Fv 404 strekninga Kvamme – til kryss ved veg til Fossavatnet ut til offentlig ettersyn.*

*Saksopplysningar:*

*Politisk handsaming*

*Plan- og miljøutvalet skal avgjera om reguleringsplanen skal leggjast ut til 2.gongs offentlig ettersyn. Planarbeidet vart starta opp våren 2011 og var på offentlig ettersyn hausten 2012. Det er gjort vesentlege endringar i planframlegget etter at planen var på 1.gangs offentlig ettersyn. I planframlegget som no vert lagt fram er Fv 404 regulert som 2-felts veg med fortau og kantstopp for kollektiv, medan framlegget som vart 1.gongs handsama var 1-feltsveg med møteplassar og haldeplasser for kollektiv. Dette er bakgrunnen for at planen no vert lagt ut på ny høyring.*

*Planen skal òg verta lagt fram for leverkårsutvalet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne til uttale.*

*Bakgrunn*

*Bakgrunn for planarbeidet er at fylkesveg 404 har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for mjuke trafikantar. Med dagens trafikkmengde og planlagt utbygging i området er det behov for opprustning av vegstrekninga med utbygging av fortau. Reguleringsplanen omfattar ei vegstrekning på 2,4 km frå Kvamme til kryss med kommunal veg til Fossavatnet.*

*Vegstrekninga går i eit generelt sidebratt terreng der eksisterande veg ligg nært opp til bustadhus og driftsbygningar. Det er òg svært mange avkøyrslar til eigedommane langs vegen, i planframlegget er desse samla der det er mogeleg. Planframlegget regulerer køyreveg med vegklasse Sa2/U-Hø1 etter håndbok N100. Fortauet er regulert med 2,5 m breidde inklusiv fortauskulder, total vegbreidde er 9,75 m. Vegen har 50 km/t som dimmensjoneande fartsgrense. Til samanlikning var vegbreidda 8 m + møteplassar og haldeplasser i planframlegget som vart lagt ut til 1.gongs ettersyn.*

*Dagens situasjon*

*Fv 404 går frå Alversund i sør til Feste i nord. Årsdøgn trafikken (ÅDT) på vegen er i nasjonal vegdatabank registrert til 1300 (2014). Fartsgrensa på vegen er 50 km/t, sidevegane har 30 km/t. Det er ikkje fortau langs strekninga og vegen er generelt smal, med få møteplassar og utan tilbod til mjuke trafikantar. Vegen tilfredsstiller ikkje dagens krav til avkjøringar, frisiktsoner og trafikktryggleik. Det ligg fleire bustadhus tett inntil vegen med eigen avkjøring og fleire landbruksvegar har avkjøring frå vegen. I tillegg ligg Kvamsvåg Landhandel, Kvamsvåg ungdomshus og eit idrettsanlegg langs vegen. Idrettsbanen vert i liten grad nytta til organisert aktivitet. Det er i nasjonal vegdatabank registrert to trafikkulykker. Ei trafikkulykke med lettare skadd person og ei ulykke med alvorleg skadd person. Innanfor planområdet er det i dag 5 busstopp. Det går per i dag 7 avgangar tur/retur Knarvik-Feste.*

## Prosess

Oppstart av planarbeidet vart varsla 20.01.2011 med merknadsfrist 28.02.2011.

Planforslaget var utarbeidd av plankonsulent ABO plan og arkitektur as på oppdrag frå Lindås kommune. Statens vegvesen og Lindås kommune har koordinert arbeidet gjennom ei tverrfagleg prosjektgruppe.

Planframlegget omfatta opprustning av vegstrekninga med utbygging av fortau og oppgradering av møteplassar og busshaldeplassar langs vegen.

Planframlegget vart 1.gongs handsama i PMU 13.06.2012 og lagt ut på offentleg ettersyn i perioden 23.06.2012-04.08.2012. Det kom inn 25 merknader, 3 offenlege og 22 private.

Planframlegget og innkomne merknader vart gjennomgått i møte med Lindås kommune, Statens vegvesen og plankonsulent 06.11.2014.

Med bakgrunn i merknader frå Statens vegvesen vart det utarbeidd ei ny skisse til veg der delar av vegen var 2-felts køyreveg og delar av vegen var 1-felts veg med møte- og haldeplassar. Avkøyrslene vart i større grad tilpassa vegnormalen. Det skal ikkje være meir enn 250 m mellom møteplassane og det er krav til sikt mellom dei. Haldeplassane for buss og møteplassar låg relativt tett og utgjorde til saman ei breiddeutviding på vegen i ein stor del av vegstrekninga. Med bakgrunn i dette ønska SVV at det vart teikna ut eit forslag der heile vegparsellen var 2-felts køyreveg og haldeplassane for buss vart erstatta med kantstopp. Nytt framlegg til veg og fortausløyising vart gjennomgått med SVV, Lindås kommune og plankonsulent i møte 12.06.2015. Det vart eingighet om å gå vidare med 2-felts veg og utarbeide planframlegg for løysinga.

## Planframlegget

Hovudføremålet med planarbeidet er framføring av fortau langs vegstrekka.

Det planlagde vegsystemet skal i utgangspunktet følgje statens vegvesen sin vegnormal N100 med

vegklassifisering Sa2 som er vegforbinding mellom bygder, der vegen går gjennom utbygde områder.

Vegklasse Sa2 legg til grunn at  $\text{ÅDT} > 1500$  og fartsgrense 50 km/t.

Vegen er planlagd med opphøgd einsidig gang- og sykkelveg. Dette er gjort på grunn av arealknappheit som følgje av eksisterande bygningars plassering, terreng, avkjørsler m.m.

Ved enkelte avkøyringar er det planlagt tosidig fortau for å forbetre siktilhøva i kryssingspunkt og sikre tilgang til busshaldeplassar. Det er hovudsakleg lagt til rette for bussskur for bussar i sørgåande retning. Det er i planforslaget lagt opp til kantstopp for busshaldeplassar.

Hovuddelen av fortauet er lagt på austsida av planlagt kjørebane. Dette er gjort med bakgrunn i terrengtilhøva med til dels bratte skjeringar og bygningar som står tett opptil dagens vegtrase. Ved å legge fortauet på austsida av kjørebana vil ein i større grad kunne oppfylle krava til friskt ved avkøyringar og krav til kurvatur. Med bakgrunn i arealknappheit og topografi avvik vegen frå vegklassen.

## Konsekvensar av planforslaget

### Naturområde

Planframlegget vil medføre inngrep i landbruksareal og naturområde, men planframlegget er ikkje vurdert å få konsekvensar for raudlisteartar registrert i planområdet. Det er registret store gamle trær som vert vurdert som lokalt viktig på Indre Fosse og Ytre Fosse. Desse vert liggjande i anlegg-og rigg område og må takast omsyn til under utbygging av vegen.

### Barn og unge

Planforslaget vil medføre at det er tryggare for barn og unge og ferdast langs vegen. I samband med busstopp er det etablert tosidig fortau, dette gjev tryggare rammer rundt skuleskyssen.

### Folkehelse

Planforslaget er vurdert å vere positivt for folkehelse. Etablering av tilbod til mjuke trafikantar vil kunne medføre at eit langt større tal personar vel å gå eller sykle til daglege gjere mål.

### *Landbruksareal*

*I samband med utviding av vegen vert ca 8,3 daa omdisponert frå landbruksareal til vegareal. Hovudvekta av omdisponert jordbruksareal er på Kvamme og Ytre Fosse.*

### *Trafikk*

*Planframlegget vil medføre auka trafikktryggleik ved at det er sikra to køyrefelt, frisktsoner, justering på kurvatur og tal på avkøyrslar frå Fv 404 vert redusert.*

### *Bygningar*

*Eit uthus på vestsida av vegen på gbnr 145/6 og ein driftsbygning på gbnr 146/7 må rivast må rivast som ein følge av planen. Garasje på gbnr 146/8 må byggast om slik at den får endra innkjøring. Ingen andre bygningar vert direkte råka av planframlegget, men anlegget vil medføre inngrep på ei rekkje private eigedommar.*

### *Kulturminne*

*Planforslaget vil ikkje medføre konsekvensar for automatisk freda kulturminne . Eit mindre areal er sett av til omsynssone kulturmiljø er råka, dette er ei sikringsone rundt automatisk freda kulturminne.*

*Bautasteinen på Indre Fosse må truleg flyttast som følge av avkøyrslar. Løa som må rivast på gbnr 146/7 er SEFRAK registrert.*

### *ROS- analyse*

*ROS – analysen som er ein del av planskildringa er laga i tråd med Lindås kommune sine akseptkriterium. Resultatet er at to hendingar slår ut i raud risikovurdering.*

*Det første går på trafikkulykker på veg. Det vil alltid være risiko for trafikkulykker på veg, men planforslaget er vurdert som positivt for trafikksikkerheita. Det kan likevel oppstå trafikkulykker på vegnettet, men med redusert sannsyn i forhold til dagens situasjon.*

*Det andre omhandlar trafikkstøy. Det er ikkje gjennomført støyfagleg vurdering av planforslaget, men del av planområdet er omfatta av gul støysone ihht. T- 1442 i kommuneplanens arealdel. T-1442 legg til grunn at miljø- og sikkerheitstiltak som ikkje endrar støyforholda ved eksisterande verksemd bør som hovudregel kunne gjennomførast utan samtidig utbetring av støyforholda. Det er innarbeidd i føresegnene at § 1.7.1 «Det skal i samband med byggeplan gjennomførast støyfagleg utgreiing ihht. styringsretningsline T- 1442.»*

### *Merknader*

*Planframlegget vart 1.gongs handsama i PMU 13.06.2012 og lagt ut på offentleg ettersyn i perioden 23.06.2012-04.08.2012. Det kom inn 25 merknader, 3 offentlege og 22 private. Planframlegget som vart lagt ut til 1.gongshøyring er endra, merknadane er innspel til det gamle planframlegget. Reguleringsplankarta som vart 1.gongshandsama ligg som vedlegg til saka*

*Det er 74 eigedommar langs traseen som vert berørt av vegutvidinga, mange av merknadane frå grunneigarane i området går på korleis utviding av vegen påverkar deira eigedom, spørsmål vedr grunnnerverv, erstatning og innspel til løysingane som er vist. Ein del ønskjer synfaring med planmyndigheitene for å drøfte løysinga og få forklart omfanget av tiltaket.*

*Administrasjonen vil saman med plankonsulent og Statens vegvesen ta kontakt med naboane i planområdet i høyringsperioden for å informera om planarbeidet og kva konsekvensar forslaget har for den enkelte eigedom.*

*Merknadene etter 1.gangs høyring er oppsummert og kommentert i planskildringa s. 51-s.59.*

### *Vurdering*

*Fortau langs Fv 404 frå Kvamme – Fosse er eit etterlengta trafikksikringstiltak for dei som bur langs vegen. I løpet av planprosessen som starta i 2011 er det utgreidd 3 ulike løysingar for vegstrekninga. Å få fram eit fortau langs vegen har vore hovudprioritet i planarbeidet, men det har og vore naudsynt å oppgradere vegen og avkøyrslene med omsyn til trafikktryggleik og kapasitet. Hovudutfordringa er at det ligg bustadhus og hagar nær vegen lang heile strekninga, når vegbana vert utvida kjem ein fort i konflikt med eigedommane. Framlegget*

som no vert lagt fram til politisk handsaming er ein 2 -felts veg med fortau, og det mest arealkrevjande alternativet som er vurdert. Dette er òg det alternativet som gjev best løysing når det gjeld trafikktryggleik og kapasiet på vegen. Det er lagt ned mykje arbeid i å optimalisere linjeføringa for å redusere inngrep på eigedommane.

Området langs fylkesvegen er svært attraktivt for bustadbygging og fleire reguleringsplanar for bustadfelt ligg på vent til vegen har fått fortau. Med ein 2- felt veg legg ein til rette for vidare utbygging i området, medan einfelts-veg med møteplassar vil gje avgrensa moglegheit for utvikling i området.

#### *Tilråding*

På bakgrunn av vurderinga ovanfor vil administrasjonen tilrå at framlegg til reguleringsplan for Fv 404 for Kvamme- til kryss med veg til Fossavatnet vert sendt til 2. gongs offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.

### **Gjennomgang av offentlege merknader til 2.gangs handsaming:**

1. **Statens vegvesen** har delteke i utarbeiding av reguleringsplanframlegget og har ikkje vesentlege merknader til planframlegget som ligg til off. ettersyn.

#### Administrasjonen si vurdering:

Statens vegvesen har vore med i vurderinga av innkomne merknader og justeringane som er gjort i planframlegget etter 2.gangs høyring.

2. **Fylkesmannen** har ingen merknader til framlegget

#### Administrasjonen si vurdering:

Merknaden er teken til orientering

3. **Hordaland fylkeskommune**

a) Det er i planframlegget gjort fleire forbetringar for å sikre trygg ferdsel på og langs vegen. Fylkeskommunen vil minne om at Plan- og byggeprogram for 2016 vert handsama av fylkestinget i desember og at det ikkje er lagt opp til løyvingar for utbetring av Fv 404. Finansiering av plantiltaka må ein vurdere i ettertid.

b) Området ved Ytre Fosse, Kvamme og Furuhovden er rikt på automatisk freda kulturminne, særleg gravminne frå jernalderen. Fylkeskommunen har ikkje kjennskap til

automatisk freda kulturminne som kjem i direkte konflikt med utvidinga av Fv 404, men delar av planområdet på Ytre Fosse går delvis inn i omsynssone c) bevaring av kulturmiljø. Sidan

vegbygging er eit samfunnsviktig tiltak, og planen ikkje kjem i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne, har fylkeskommunen ingen avgjerande merknader i høve automatisk freda kulturminne.

c) Hordaland fylkeskommune ber om at den SEFRAK- registrerte låa på gnr. 146 bnr. 7 vert

dokumentert med foto før riving og at verneverdige gamle tre/alleiar som må fjernast

vert dokumentert med foto og vurdert flytta. Ber om at det i anleggsperioden vert teke omsyn til kulturminneverdiar som blir liggjande tett inntil vegen. Dette gjeld særleg SEFRAK- registrerte hus, jordkjellarar og steingardar.

#### Administrasjonen si vurdering: a) Merknaden er teken til orientering

b) Merknaden er teken til orientering

c) Merknaden er teken til følgje. Det er innarbeidd i føresegn 1.4 at ved riving av

SEFRAK- registrert løe og fjerning av gamle tre skal dette dokumenterast med foto. Det skal takast omsyn til SEFRAK registrerte hus, jordkjellarar og steingardar i anleggsperioden.

#### **4. BKK Nett AS**

- a) Innanfor planområdet har BKK Nett 22 kV høgspenningsline, høgspenningskabel og nettstasjon. Anlegg er oppført i medhald av områdekonsesjon og omlegging av anlegg fordrar ikkje søknad om endring av konsesjon. Om planen medfører omlegging av eksisterande høgspentanlegg, må det setjast av plass til nye trasear. Som hovudregel må den som ønskjer anlegga flytta bere kostnadene med dette. BKK Nett AS vil krevje full kostnadsdekking.
- b) BKK Nett AS kan vere interessert i moglegheitene for å legge kabel langs vei/fortau i samband med arbeid som skal gjerast dersom forholda vert lagt til rette for det.

#### Administrasjonen si vurdering:

- a) Merknaden er teken til orientering.
- b) Merknaden er teken til orientering. Ved detaljprosjektering av veganlegget vert det oppretta kontakt med BKK.

#### **5. NGIR**

- a) I Lindås kommune har kvar husstand rett til å kunne sette fram opptil 2 dunkar til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestadar for dunkane. Ved fellesløyseing må behaldarar som gjev same volum pr. husstand veljast. I tillegg er det viktig at tilkomstvegen til hentestaden har tilstrekkeleg breidde og tåler akseltrykket til renovasjonsbilane. Hentestaden bør ligge i eit område som er plant og renovasjonsbilen må kunne gjere operasjonar utan å vere til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunne snu ved hentestaden, alternativt må ein ha gjennomkjøringsveg for å unngå rygging. Leikeplassar bør ikkje ligge i nærleiken av hentestaden. Tilkomstveg og snuplass bør ha fast toppdekke, og verta brøyta når det er snø og is.

#### Administrasjonen si vurdering:

- a) Planforslaget regulerer kun areal til veg og naudsynt areal for gjennomføring. Areal sett av til annan veggrunn kan evt. nyttast ved plassering av avfallsdunkar. Det er viktig at desse ikkje vert plassert i konflikt med frisiktsoner og på fortau.

### **Gjennomgang av private merknader til 2.gangs handsaming:**

#### **1. Unni og Thore Hatten, Skarsvegen 213, gbnr. 141/41**

- a) I planforslaget er det lagt inn avkjøring og parkering til nabohytte på merknadsstillars eigedom. Hytta som er i bruk nokre få veker i sommerhalvåret har verken vegrett, parkeringsrett eller avkjørsel. Ein stor del av hagen til 141/41 er foreslått til dette. Vil ikkje godta dette og ber om at dette vert fjerna frå planforslaget.
- b) Kvamsbrekka må utbetrast og leggst til rette for mjuke trafikantar med fortau. Merknadsstillar ønskjer kjøreveg med eitt kjørefelt for å unngå å øydeleggje for hus og tomter på strekninga.
- c) Ved framføring av vassleidning er fylkesvegen blitt utvida med 2,5 meter som er tatt av merknadsstillars eigedom. Meiner det blir tatt svært mykje av eigedomen i forhold til eigedom på vestsida av vegen. Vegen bør utvidast mot vest nokre meter for unngå så omfattande inngrep på 141/41. Ønskjer å bidra, men kan ikkje godta planen før det ligg

føre ein meir detaljert plan som viser konsekvensane for eigedomen.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Merknaden er teke til følgje. Avkjøring til fritidsbustad på gnr. 141 bnr. 15 er fjerna og erstatta med trapp til fortau langs fylkesvegen. Dette vil medføre reduksjon i inngrepa i hagen på gnr. 141 bnr. 41.
- b) Kvamsbrekka vert lagt til rette for 2 kjørefelt. Vegen er trekt mot vest for å legge til rette for fullverdig fortau langs Kvamsvågen Landhandel.
- c) Sjå kommentar til b). Meir detaljerte planar vert utarbeidd i samband med detaljprosjektering av vegen. Ved arealavståing vert dette handsama av Statens vegvesen si grunnervervsavdeling.

**2. Arnljot Jordal, Gro Hjellvik, Kvamsvågen 2, gbnr 141/17**

- a) Positiv til at planarbeidet er kome i gang att. Planforslaget er vesentleg endra i høve til 1.  
gongs handsaming, når det gjeld vegbreidde og inngrep på 141/17 og naboeigedomar i Kvamslia. Ber om at det vert vurdert å gå bort frå 2- felts veg, og reduserer planlagt veg til 1- felts veg og gangsveg. Breidde på 8,0 – 8,5 m, pluss møteplassar.
- b) Om vegen vert regulert til 2 felt, vil det vere ein vesentleg fare for at farten aukar utover fartsgrensa på 50 km/t, utan at det vert gjort fartsreduserande tiltak.
- c) Viser til tidlegare innsendt merknad ved 1.gongs offentleg ettersyn av planforslaget  
Vedlegg:  
- Merknad innsendt til 1. gangs off. ettersyn

Administrasjonen si vurdering:

- a) Planforslaget legg til rette for 2 kjørefelt på fylkesvegen. Ei løysing med møteplassar vil krevje om lag tilsvarende areal på grunn av krav til sikt og avstand mellom møteplassar.
  - b) Eventuelle fartsreduserande tiltak vil bli vurdert i samband med detaljprosjektering og gjennomføring av prosjektet.
  - c) I forhold til tidlegare plankart er vegen trekt noko lenger inn på gnr. 141 bnr. 17. Det er langs vegen regulert mur for å avgrense inngrepa på eigedomen. - Planforslaget vil følgje støyretningsline T-1442 (2012). På grunn av konflikt med frisktsoner er støyskjerm eit lite aktuelt tiltak langs fylkesvegen.  
Ved behov for støyskjerming vil dette mest truleg bli gjennomført som bygningsmessige tiltak og evt. lokal støyskjering av uteplass.
- Tilkomst til gnr. 141 bnr. 17 vil vere frå kommunal veg til Kvamsvågen.
  - Tre langs fylkesvegen må fjernast ved vegutbetringa. Eventuell innsynsskjerm vil bli del av grunnervervsprosessen.
  - Overvassystem vil vere del av tekniske byggeplanar og ved anleggsarbeid.
    - Vegen er dimensjonert for 50 km/t. Det vert i planforslaget ikkje teke stilling til fartsgrense. Dette vil bli del av teknisk byggeplan/skiltplan, men 50 km/t vil vere høgste fartsgrense.
  - Avkjøring til Kvamsvågen er flytta mot nord.
    - Planforslaget er i liten grad i konflikt med høgspintlina ved Kvamsvåg. Planforslaget tek ikkje stilling til om høgspintlina skal leggjast i jord.

**3. Sigfred Johansen, Ottar Johansen,  
141/23, 27, 7**

**Skarsvegen 237, gbnr**

**Kerstin Johansen, Anders Johansen**

- a) Meiner Statens vegvesen skal redusere ambisjonen med 2- felts veg + fortau på den

mest kritiske vegen frå kryss til Kvamsvåg og opp brekkene til Kvamme. Bør leggst til rette for einfelts veg med møtelommer. Dette vil medføre god trafikkavvikling/trafikkisikring også for framtida.

- b) Bruk av privat tilkomstveg for Kvamsvåg Landhandel og SeaFun som fortau for fylkesveg kan ikkje godtas. Område vert nytta til varelevering og kundetrafikk. Det er snuplass på området og ein kan ikkje sjå at dette samstundes kan nyttast som fortau, da det vil auke risikoen for ulykker der fotgjengarar er involvert.

Ved omregulering av forretningseigedomane til bustadføre mål vil dette ikkje vere mogleg dersom det går offentleg fortau over arealet. Framtidig verdi av eigedomane vil dermed bli svært redusert. Fortau framfor butikken vil fjerne parkeringsmoglegheit for næringsverksemda SeaFun.

- c) Vert gjort merksam på at veglomme sør for gamlebutikken/bustaddel høyrer til Skarsvegen 237 og er parkering til SeaFun og bustader. Vert dette fortau, har denne delen av eigedomen ikkje parkering.
- d) Foreslått utviding av avkjøring nord for butikken bør ikkje gjerast. Denne var godkjent så seint som i 1984 og merknadsstillar kan ikkje sjå kva som gjer at denne i dag og i framtida ikkje er tilfredstillande.
- e) Utviding av fortau og veg må gjerast på Kvamsvågen 2 der ei utviding ikkje i vesentleg grad set ned bruken av eigedomen.

#### Administrasjonen si vurdering:

- a) Planforslaget legg til rette for 2 kjørefelt på fylkesvegen. Ei løysing med møteplassar vil krevje om lag tilsvarande areal på grunn av krav til sikt og avstand mellom møteplassar.
- b) Merknaden vert teke til følge. Planforslaget er justert og legg til rette for fortau langs fylkesvegen ved Kvamsvåg Landhandel. Det vert ikkje lenger lagt opp til kombinert løysing med gangareal og fortau i front av butikken.
- c) Eksisterande veglomme sør for gamlebutikken/bustaddel er i planforslaget regulert til annan veggrunn. Planforslaget legg ikkje til rette for parkering langs fylkesvegen eller ved/på fortau.
- d) Vegnormalen stiller nye krav til avkjøringar og avkjøringa er derfor utvida.
- e) Kjørevegen er flytta mot vest slik at det kan etablerast fortau mellom vegen og muren mot butikkområdet.

#### **4. Geir Bruland Tonning, Elisabeth Bruland Tonning, Skasvegen 236, gbnr 144/1**

- a) Det er i planforslaget vist vegfylling nedanfor busstopp. Utfylte massar må leggst i same hellingsgrad. Ønskjer jord på toppen av massar og at dette vert tilsådd slik at beite ikkje vert forringa.
- b) Går ein smal traktorveg ned til bøen mellom garasjen og Fv404. Denne må haldast open, vert nytta for tilkomst til bøen.
- c) Grunneigar av 411/10 har brønn sør/aust på eigedomen, der ny avkjøring til Kvamsvågen er planlagt.
- d) Det er lagt offentleg vasskabel over bøen frå Fv 404 mot Kvamsvågen.
- e) Er tiltakshavar for pågåande reguleringsplan for Furuhovden. Ber om at ny avkjørsel langs Fv404 til eksisterande bustader vert trekt nær fylkesvegen for å unngå at framtidige bustadtomter vert råka. Utkjørselen til Fv404 bør gjerast minimal for å unngå unødige tap av tomteareal til nye tomter.
- f) Det går kraftleidningar i luft. Ved tidlegare utbetring av Fv404 er det uttalt at desse skal leggst i jord (Toppa av Kvamsbrekka – Bedehuset). Ber om at dette vert gjort i denne anledning.
- g) Det vil kome fleire lange rettstrekk. Ber om fartsreduserande tiltak som fartshumpar.
- h) Ønskjer forlenging av busstopp i Kvamsvågen, sørover til fortau på venstre side, høgare opp i Kvamsbrekka. Ønskjer ikkje kombinert løysing med fortau/varelevering/veg utanfor Kvamsvåg landhandel. Denne løysinga vil ikkje bli nytta

da fotgjengarar vil ta raskaste veg.

- a) Skråninga frå busstoppet mot 144/1 er lagt med hellingsgrad på 1:1,5 som er brattare enn vegnormalen tilseier. Dette på grunn av utfordrande terreng langs vegen. Reguleringsføresegnene stiller krav om revegetering.
- b) Utfylling langs fylkesvegen vil ligge ca 6 meter frå garasjen. Om traktorvegen vert råka av utfyllinga vil evt. erstatningsveg bli del av grunnervervsprosessen.
- c) Evt. erstatningsløyning som følgje av bortfall av brønnen vil bli del av grunnervervsprosessen og gjennomføring av anleggsarbeidet.
- d) Teken til orientering.
- e) Det er i planforslaget lagt vekt på å minimere inngrep på tilgrensande eigedomar. Avkjørsler er utvida i radius i forhold til dagens avkjørsel for å tilstrebe å kome nærast opp til vegnormalen.
- f) Planforslaget tek ikkje stilling til å legge høgspenlinjer som ikkje er i konflikt med planforslaget i jord. I merknad frå BKK Nett AS opplyser dei om at det kan vere interesse for å legge høgspenlinjene i kabel langs veganlegget.
- g) Fartsreducerande tiltak er ikkje del av planprosessen, men vil bli vurdert i samband med detaljprosjektering og gjennomføring av vegprosjektet.
- h) Vegen er flytta noko lenger vest for å etablere fortau langs fylkesvegen ved Kvamsvåg Landhandel. Dette medfører at ein kan krysse vegen frå busstoppet til fortau på motsett side av fylkesvegen for å følgje fortauet oppover Kvamsbrekka.

**5. Geir Bruland Tønning, Elisabeth Bruland Tønning, Skarsvegen 236, gbnr 144/1**

- a) Ber om at det vert etablert mur ned mot bøen på 144/1 på vestsida av Fv404. Har sendt inn planforslag for Furuhovden til Lindås kommune og det er planar om å etablere bustadhus på bøen.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Merknaden vert ikkje teke til følge. På grunn av høgdeskilnaden og omsyn til søkkes/bekkefare er det lagt fylling på det aktuelle strekket

**6. Sigfred Johansen Kvamsvågen 29, gbnr 144/17, 29**

- a) Viser til skriv til Statens vegvesen datert 24.02.2009 ang. behov for avkjørsel til 144/17 og 29. Vegvesenet ville den gang ikkje ta stilling til dette da det ikkje låg føre godkjent reguleringsplan. Avkjørsle som vist på vedlagt kart vil gi tilkomst til 144/17 og 29 der det er planar om å etablere fleire bustader. Dette vil og gi moglegheit for 144/8 og 16 for å få parkering og vegutløyning. Eigedomane har berre gangsti og det er ikkje mogleg å etablere veg pga. stigning og mangel på vegrett. Ber om at avkjørsel vert inkludert i ny reguleringsplan for Fv404. reknar med det kan bli 6-8 bustader som vil kunne nytte denne avkjørsla. Om løysinga ikkje vert teken med i planforslaget må det etablerast parkering for 144/ 8 og 16. Tomtene nyttar i dag parkering/fortau ved Kvamsvågen landhandel, noko som ikkje er ønskeleg.

Vedlegg:

- Kart som viser ønska avkjørsel.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Det er ved avkjøring til Kvamsvåg Landhandel lagt inn ein svingarm til gnr. 144 bnr. 17. Avkjøringa er avslutta under eksisterande terreng. Vidare framføring av veg på 144/17 vil evt.bli opp til tiltakshavar.

**7. Ungdomslaget sambygdingen, v/ Thomas Nordal, Kvamsvågen, gbnr 144/3,14,19,27**

- a) Av plankart går det fram at UL Sambygdingens (ULS) tomter blir råka av vegbygginga og vil bli ekspropriert. Det blir understreka at ULS er meir opptatt av trygg

- veg for bygda enn erstatning for tap av delar av eigedomen. Ønskjer å fremje forslag som merknadsstillar meiner er ein vinn-vinn situasjon for utbyggjar/kommunen og ULS:
- Delar av massar kan deponerast på gnr. 144/19 dersom utbyggjar tek på seg arbeidet med å stabilisere underlaget, utplanering av massar, tilstrekkeleg drenering og legge til rette for aktivitetsbane td. (fotball, basketball,volleyball, lekeplass) e.l. som kan nyttast av bygda.
  - Ved opparbeiding av aktivitetsbane kan ULS tilby Lindås kommune bruk av banen i avtalte tidsrom.
  - ULS kan saman med Lindås kommune utarbeide forslag til korleis banen/lekeplassen kan utformast i begge sine interesser. - Ved einigheit kan ULS tilby utbyggjar å nytte området til anleggs- og riggområde i samband med utbygginga. Ungdomshuset vil vere i bruk i perioden og det må vere tilgjengeleg eit visst tal parkeringsplassar.
  - ULS har avgrensa med ressursar og utbyggjar må bere kostnadene med opparbeiding av bane/lekeplass, men ULS kan vurdere å gå inn med eit avgrensa beløp, avhengig av tilskot frå ulike fond.
  - b) I samband med omlegging av avkjøring til ULS må det opparbeidast parkeringsplassar for funksjons-/rørslehemma utanfor ULS om eksisterande avkjøring vert stengt for biltrafikk. Det må også vere mogleg å krysse Fv 404 til parkeringsplass på motsett side av vegen. Kryssinga må ha tilfredstillande trafikktryggleik.
  - c) Ønskjer å koma i dialog med utbyggjar/Lindås kommune ang. overnemnte forslag. Om dette ikkje er av interesse vil det bli vurdert anna moglegheit for kompensasjon i samband med vegutbygginga.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Avklaringar rundt evt. grunnnerverv og avtalar rundt dette vil bli del av grunnnervervsproessen.
- b) Merknaden er teke til følgje. Det er i planforslaget lagt til rette for ny tilkomstveg til ungdomshuset. I tilknytning til veg og inngangsparti er det lagt til rette for at det kan etablerast parkeringsplassar. Langs fylkesvegen er det lagt til rette for eit mindre fortausareal langs ungdomshuset for å sikre kryssingspunkt til parkeringsplass på austsida av vegen.
- c) Teken til orientering. Lindås kommune og Statens vegvesen er informert om innspela til ULS.

**8. Ole Godtfred Gangsøy, Skarsvegen 277, gbnr 146/46**

- a) Det er planlagt et omfattande inngrep på 145/46. Ber om at Lindås kommune tek følgjande punkter til etterretning:
    - Natursteinsmurar vil bli øydelagt som følgje av innhogg på eigedomen. Dette er murar som det er ønskjeleg å bevare i den grad det er mogleg. Ønskjer ikkje betongmur, men at natursteinsmurar vert tilbakeført til opprinnleg stand. Det same gjeld basseng på eigedomen som er oppført i naturstein.
    - Det må etablerast tilstrekkeleg sikringsgjerde da det ofte ferdast barn på eigedomen.
  - Ber om at det vert gjennomført støymåling for å avdekke behov for støyskjerming.
  - Det må takast omsyn til avlaup og vassleidning under Fv 404.
- Merknadsstillars eigedom går heilt til grense med Fv 404.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Eventuell erstatning og flytting av murar og basseng og utforming av desse vil avklarast som del av grunnnervervsproessen.
- Ved utviding av veganlegget vil det bli etablert sikringsgjerde der det er behov for dette. Dette vil vere del av grunnnervervsavtalen.

- Planforslaget stiller krav til at krava i støyretningsline T-1442 (2012) skal leggst til grunn.
- Evt. omlegging av avlaupsanlegg og vassleidningar vil bli del av detaljprosjekteringa.

**9. Audun Eidsheim, Skarsvegen 285, gbnr. 145/67**

- a) Planforslaget medfører eit stort inngrep på fritidseigedom 145/67. Eigedomen er 645 m<sup>2</sup> og planforslaget medfører reduksjon av areal og verdi.
- b) Planforslaget vil medføre at eksisterande tilkomst frå Fv404 blir fjerna. Ny tilkomst til 145/67 må etablerast.
- c) Utviding av veg vil medføre skjering mellom veg og eigedom som må sikrast med gjerde.  
Det må og settast opp støttemur med gjerde/rekkverk som sikrar utnytting og stabil grunn.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Erstatning som følgje av areal på gnr. 145 bnr. 67 som går med til utviding av veganlegget vil vere del av grunnervvervsprosessen.
- b) Det er i kartet ikkje registrert avkjørsel frå fylkesvegen til gnr. 145 bnr. 67. eventuell tilkomst må etablerast frå regulert avkjørsel i sør frå 145/33 eller i nord frå 145/26.
- c) Terrengskjeringar vil sikrast med gjerde og støttemurar der dette er naudsynt

**10. Gunnar Didriksen, Skarsvegen 292, gbnr. 145/43,19**

- a) Ber om at eksisterande busstur ved Skarsvegen 288 og som i planforslaget er foreslått plassert v/Skarsvegen 292 vert flytta. Påpeikar at foreslått plassering av vil kome i konflikt med innkjøring til Skarsvegen 290 og 292 og skape unødig støy og forureining ved uteopphald.
- b) Dersom merknaden ikkje vert teken omsyn til vert det bedt om ny synfaring. Ønsker at busskuret vert ståande med dagens plassering.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Merknaden er delvis teke til følgje ved at busskuret som var plassert på gnr. 145 bnr. 43 er flytta mot nord på gnr. 145 bnr. 19. som det går fram av pkt b) kunne ikkje dagens plassering behaldast
- b) Ved å oppretthalde busskuret med eksisterande plassering vil dette medføre at busskuret må flyttast 1,5 meter lenger mot vest enn dagens plassering. Det må også etablerast fortau på delar av hagearealet til gnr. 145 bnr. 43 for å sikre oppstillingsareal. Dette er derfor ikkje teke vidare i planforslaget

**11. Jostein Alvsvåg, Skarsvegen 367 A, gbnr. 145/6**

**Ole Godtfred Gangsøy, Skarsvegen 277, gbnr. 145/2**

**Oddvar Rath, Skarsvegen 307, gbnr. 145/3**

**Karl M. Knarvik, Skarsvegen 359, gbnr. 145/5**

**Britt A. Ringen, Heggevegen 7, gbnr. 145/9**

**Helge Inge Fosse, Skarsvegen 363, gbnr. 145/18**

- a) Er 7 grunneigarar som har teigar ved sjøen, med kai, naust og naustetomt. Avkjøring til sjøeigedomane er ikkje innteikna i plankart. Ber om at vegen vert regulert i planforslaget med avkjørsel som med utforming og stigning kan gi minst like gode avkjørselsforhold som traseen som kjem fram av utskiftingskartet. Dersom dette ikkje lar seg gjere må regulert

avkjørsel SV24 leggas der utskiftingsvegen startar ihht. kart. Dette vil også medføre betre

tilkomst og mindre stigning for 145/17 og 145/64.

b) Tilhøva til utskiftingsvegen er påpeika ovanfor Lindås kommune til 1. gangs utlysing

og ved merknader til dispensasjonsvedtak for påbygg til 145/17.

c) Om reguleringsplanen blir vedtatt slik den ligg føre, vil dette medføre et vesentleg

verditap på landbrukseigedomane.

Administrasjonen si vurdering:

a) Avkjørselspunkt for utkjøringsveg er vist som jordbruksavkjørsel ved avkjøring f\_SV24. Dersom vegen skal etablerast før evt. utbetring av fylkesveien må den knyte seg på fylkesvegen på tilsvarende punkt som f\_SV24.

b) Merknaden er teke til orientering

c) Merknaden er teke til orientering. Evt. verditap om følgje av planforslaget må fremjast som erstatningskrav jf. pbl. § 15-3.

**12. Anne Hilde Pollen Nygård, Bjørn Dalsgård Nygård, Skarsvegen 311, gbnr. 145/65**

a) Positiv til planarbeidet og håpar på rask framdrift for å realisere planen.

b) Ser at ein større del av 145/65 inngår i planforslaget. Ønskjer at det vert etablert

gråsteinsmur mellom veg/fortau og 145/65. Ønskjer dialog om høgda på mur.

Muren må

også sikrast med vedlikehaldsfritt gjerde.

c) Fleire eigedomar i nærområdet er tilkople private brønnar. Arbeidet med vegen vil gje

husstandar moglegheit til å kople seg på den kommunale vassleidningen som ligg langs

Fv404.

d) Mange husstandar har avlaup leia til sandgrøfter og til sjø. Arbeid med ny veg vil kome i konflikt med eksisterande avlaup. Ber om dialog med husstandar om korleis dette skal løysast. Evt. med felles septiktank.

e) Dersom endringane med vegen medfører auka trafikkstøy vert det bedt om at planlegginga tek høgde for avbøtande tiltak.

f) Er kjend med at fleire utbyggarar er utolmodige med å få realisert planar om utbygging. Det er viktig at det ikkje vert gjeve dispensasjon til iverksetting av utbygging før all infrastruktur er på plass.

Administrasjonen si vurdering:

a) Teken til orientering

b) Utforming av murar, oppsetting av gjerde ol. vil vere del av grunnnervvsprosessen.

c) Erstatning for bortfall av drikkevaskjelder vil vere del av detaljprosjektering og gjennomføringa av veganlegget.

d) Erstatning for bortfall av avlaupsanlegg vil vere del av detaljprosjektering og gjennomføringa av veganlegget. Eventuell dialog vil bli gjennomført som del av grunnnervvsprosessen.

e) Planforslaget stiller krav til at krava i støyretningsline T- 1442 (2012) skal leggst til grunn.

f) Teken til orientering

**13. Marion Rath, Einar Patrick Rizo Lundberg, Skarsvegen 325, gbnr. 145/96**

a) Eksisterande avkjørsel frå nord er i planforslaget fjerna ifht. tidelgare planforslag.

Nyttar hovudsakleg vegen frå nord da det er denne som fører til husets inngang.  
b) Ser at grantrea som står langs Fv 404 skal fjernast ved utbetring av vegen.  
Ønskjer  
dato/årstal for når dette kan bli aktuelt.

Administrasjonen si vurdering:

- a) Merknaden vert ikkje teken til følge. Statens vegvesen ønskjer å redusere talet på avkjøringar langs fylkesvegen og ønskjer ikkje å ta inn avkjøring frå nord til gnr. 145 bnr. 65 i planforslaget.  
b) Trea som står langs vegen på eigedomen må mest truleg fjernast ved framføring av fortau. Tidspunkt for dette er ikkje fastsett.

**14. Helge Inge Fosse, Skarsvegen 363, gbnr 145/18**

a) På synfaring 28.10.2015 vart det opplyst at utviding av Fv 404 skal utførast mot aust med

inngrep på 145/18. Dette medfører at eksisterande landbruksavkjørsel frå 145/18 vert direkte råka. Avkjørsle er ikkje teke med i eksisterande planforslag. Ber om at denne vert teke inn da den er ein vesentleg del av tilkomst til 145/18.

b) Angående grunnavståing vart det oppfatta på synfaringa at dette vil ein kome attende til

ved eit seinare høve. Forhold som kan vere aktuelle:

- Massuttak
- Forstøtningsmurar
- Gjerde mot Fv 404 under arbeid og ferdig prosjekt
- Landbruksavkjørsle mot Fv 404
- Opprydding m.m.

Administrasjonen si vurdering:

a) For gnr. 145 bnr. 18 er det lagt inn jordbruksavkjørsel sør for f\_SV33.

b) For areal og tiltak som skal gjennomførast på anna areal enn det Statens vegvesen/ Hordaland fylkeskommune eig vil det bli gjennomført ein grunnnersavtale.

**15. John Kato Hjertås, Skarsvegen 348, gbnr.145/81**

a) Ber om at alle tilkomstvegar frå Fv 404 til 145/81 blir vidareført. I tillegg til den som er

vist i plankartet gjeld dette:

- Veg til nedre del av driftsbygning i nord
- Tilkomst til låvebru i driftsbygning
- Tilkomst til tun m/ hovudbygning i sør.

Administrasjonen si vurdering:

a) Det er i planforslaget lagt inn jordbruksavkjørsler til driftsbygning i nord, tilkomst til låvebru i tillegg til tilkomst til Våningshus.

**16. Jostein Alvsvåg, Skarsvegen 367A, gbnr. 145/6**

a) Ønskjer autovern e.l. mellom fortau og vegbane ved hus på Skarsvegen 369. Huset er

under rehabilitering og klargjering for utleige. Fysisk skilje vil medføre auka trafikktryggleiken.

b) Det blir trongt for ut- og innkjøring frå garasje. Krev at garasjen blir bygd om eller

erstatta av ny garasje, slik at merknadsstillar ikkje får dårlegare ut- og innkjøringsforhold enn dagens situasjon.

Administrasjonen si vurdering:

a) Det er mellom fortau og kjørevege lagt inn rekkverksrom på 0,5 m på vestsida av karsvegen 369. På grunn av friskt langs vegen kan det ikkje nyttast autovern, men Svelvik ellipse.

b) Sidearealet på vegen er i mindre grad justert for å auke avstand mellom kjørevege og garasje. Avstanden er auka til 6 meter for å sikre tilfredstillande inn- og utkjøringsforhold

**17. Karl M. Knarvik, Skarsvegen 359, gbnr. 145/5**

**Helge Inge Fosse, Skarsvegen 363, gbnr. 145/18**

**Jostein Alvsvåg, Skarsvegen 367 A, gbnr. 145/6**

**Petter H. Fosse, Skarsvegen 362, gbnr. 145/4**

**Einar Holm, Strandgaten 205, gbnr. 145/52**

a) Det er på synfaring opplyst at vegen skal utvidast mot aust. Dette vil medføre større

stigning på avkjørsel SV33. Slik SV33 er utforma vil det vere sterkt avgrensa å ta rennefart, planlagt fortau vil også hindre dette. Det er heller ikkje sett av plass til parkering ved avkjørsle, når føreforhold gjer at det ikkje er mogleg å kjøre til eigedomane.

b) Dersom SV33 vert utført som i plankart ved det påverke trafiksikkerheitsmoment som

parkerte bilar på fortau og vegskulder, redusert sikt i frisksone, blokkering av eksisterande vass-/brannkum, til hinder for brøyting av vegbane og fortau.

Parkerte bilar vil også vere til hinder for utrykkingskjøretøy. Ber om at forholda vert teke omsyn til og ser i møte dialog ved detaljplanlegging av SV33. 14 eigedomar har tilkomst frå avkjøringa.

Administrasjonen si vurdering:

a) Kjørevegen er hovudsakleg utvida mot vest, men framføring av fortau medfører også utviding mot aust ved f\_SV33. Utforminga av avkjørsle er gjort for å tilpasse den til vegnormalen der den kjem vinkelrett inn på fylkesvegen. Det er i planforslaget ikkje lagt til rette for parkering langs fylkesvegen.

b) Avkjøringspunktet på f\_SV33 er trekt noko lenger vest i forhold til dagens veg. Dette medfører at stigning på f\_SV33 vil bli om lag tilsvarande som dagens veg, men med avflating nærast fylkesvegen.

**18. Eli Kalnes, Nautnesvegen, gbnr. 146/8**

a) Ber om fartsreduserande tiltak ved etablering av ny veg.

b) Ber om at offentleg vatn og avlaup blir vidareført i samband med utbetring av veg.

c) Planforslaget medfører endring i utkjøring frå garasje og eigedomen får utkjøring lenger nord. Dette er kostnader tiltakshavar må bere. Dette medfører at innkjøring i garasje må

flyttast mot vest, eventuelt så må heile garasjen byggast på nytt, og trekkast lenger mot vest.

d) Det går mur langs garasjen. I enden står lyktestolpe nærast vegen.

Lyktestolpen må

fjernast, da det er ønskjeleg å kunne ha tilkomst til eigedomen med evt. traktor. Det

er ikkje mogleg på vestsida av huset.

e) Hovuddøra til bustaden ligg på austsida av huset, og ein vil kome direkte ut i vegbana.

Det er ønskeleg med gråsteinsmur, med gjerde langs vegen. Autovern vil her ikkje vere beste løysing, da det kan medføre at barn klatrar og lett kjem seg ut i vegen. Ønskjer dialog rundt detaljløysingar.

f) Når trafikken kjem nærare huset vil dette medføre støy og forureining. Ønskjer å sjå på løysing for dette.

g) Del av tomten blir regulert som annan veggrunn grøntareal og LNFR. Ønskjer å sjå på mogleg erstatning for dette arealet som ikkje kan nyttast fritt. Bustaden har blitt påkosta med oppussing.

Administrasjonen si vurdering:

a) Fartsreduserande tiltak er ikkje del av planforslaget, men vil bli vurdert ved detaljprosjektering og gjennomføring av vegprosjektet.

b) Vatn og avlaupsløysing vil bli avklara som del av detaljprosjekteringa og grunnnervsprosessen.

c) Ombygging av garasje og tilkomst til denne vil vere del av grunnnervsavtalen.

d) Ved utviding av veg vil delar av lågspentnettet langs eksisterande fylkesveg måtte leggjast om. Flytting og evt. fjerning av stolpar vil bli avklara med BKK som del av detaljprosjekteringa.

e) Etablering av murar/rekkverk og utforming av desse vil bli avklara som del av grunnnervsprosessen.

f) Planforslaget stiller krav til at krava i støyretningsline T-1442 (2012) skal leggjast til grunn.

g) I hovudsak vil areal regulert til offentleg annan veggrunn grøntareal bli erverva av Statens vegvesen/Hordaland fylkeskommune. Areal regulert til rigg- og anleggsområde er areal som vil bli nytta i samband med gjennomføring av prosjektet, men vil bli tilbakeført til opphavleg formål. Erstatning for areal som vert erverva vil vere del av grunnnervsprosessen.

**19. Liv Astrid Åsebø, Leiv Steinar Åsebø, Skarsvegen 375, gbnr. 146/5**

a) Opplysningar til planforslaget:

- Spreiegrøft på austsida v/ brua
- Verkar som det er liten avstand mellom fortau og løe.
- Røyr frå kumme kjem ut i løemur ved postkassestativet.
- Septiktank for gardshuset nr. 383 ligg på vestsida av vegen.
- Ønskjer å flytte avkjørsel frå nr. 383 nokre meter mot nord.
- Ønskjer autovern mellom fortau og veg ved gardshus på nr. 383
- Reknar med at vegmurar blir oppført i naturstein.

Administrasjonen si vurdering:

a) Avklaring rundt avlaupsanlegg vil vere del av grunnnervsprosessen.

- Det er i planforslaget lagt mur ca 0,3 meter utanfor takutstikket på løa.

- Avklaring rundt avlaupsanlegg vil vere del av grunnnervsprosessen.

- Avkjørsel er flytta ca 2 meter lenger nord.

- I planforslaget er kjøreveg og fortau trekt ca 2 meter lenger vest i forhold til dagens veg. Avstand frå våningshuset til kjøreveg vil bli auka frå ca 2 meter til ca 6,5 meter. Evt. rekkverk vil kome i konflikt med frisisiktsone frå avkjørselen og er derfor ikkje lagt inn i planforslaget. Ved behov for rekkverk vil dette måtte oppførast som ellipse som ikkje er til hinder for friskt.

### **Oppsummering og vurdering :**

Administrasjonen, Statens vegvesen og plankonsulent hadde ein grundig felles gjennomgang av merknadane i møte 6. januar 2016. Det var semje om at nokre av merknadane skulle takast til følgje og løysningsalternativa vart nøye vurdert. Det er gjort endringar i plankart og føresegner med bakgrunn i dette. Endringane er ikkje omfattande, men medfører at planframlegget må sendast ut på ny høyring og offentlig ettersyn.

Høyringa vil være avgrensa til å gjelde endringane som er gjort i planframlegget etter 2. gangs høyring.

Oppsummering av endringane som er føreslege er lista opp nedanfor.

#### Hovudtrekk av endringar i plankart:

- Avkjøring til fritidsbustad på gnr. 141 bnr. 15 er tatt ut frå hagen til 141/41. Det er vist trapp som tilkomst i C001.
- Omarbeiding av strekninga frå profil 300 – 630. Veg er trekt mot vest for å få plass til fortau på utsida av mur og oppbygd areal langs Kvamsvågen landhandel, med diverse tilpassing for kryss, avkjørsler, murar m.m.
- Busskur og fortau på 145/43 er flytta nordover til 145/19
- Pil for utskiftingsveg/jordbruksavkjørsle er justert til senter av avkjøring f\_SV24
- Jordbruksavkjørsel er lagt inn like sør for f\_SV33
- Det er lagt inn jordbruksavkjørsler til driftsbygning og låvebru på gnr. 145/81
- Rekkverksrom er lagt inn i front av Skarsvegen 369 gnr. 145 bnr. 6. Det er også gjort mindre justering for å auke avstand mellom veg og garasje. Det skal nå vere 6 meter som er tilstrekkeleg for manøvrering av personbil.
- Annan veggrunn grøntareal er redusert på gnr. 146 bnr. 8. Det er også gjennomført andre mindre justeringar for å redusere utslag på felles og private vegar tett inntil bygg og på bustadtomter som er utbygd.
- Avkjørsel til gnr. 146 bnr. 5 er flytta ca 2 meter mot nord.
- Skråningsutslag på Ytre Fosse er redusert langs fylkesvegen.
- Rekkeverk er justert utanfor frisisiktsoner og korta ned der dette er hensiktsmessig for å unngå for stor bruk av Svelvik ellipse. Der rekkverk er i konflikt med frisisiktsoner må Svelvik ellipsen nyttast for å sikre friskt.
- Det er lagt inn eit mindre areal for energiforsyning for flytting av nettstasjon på

Ytre Fosse.

Endringar i føresegner:

- Krav til støyskjerming ihht. T-1442 (2012) er teke inn.
- Føresegn om areal for energiforsyning er teke inn.
- Føresegn om kulturminne 1.4 er teke inn
- Mindre justeringar i tekst ifht. endringar i plankart m.m.

.....